

Kjære elev!

Vår ref.:
85/600/øbj

Dato:
04.august 2020

VELKOMEN TIL NYTT SKULEÅR!

No gler vi oss til skulestart, og til å ta imot deg som elev ved Odda vidaregåande skule. Vi er glade for at du byrjar ved skulen vår, anten du er ny elev eller du gjekk her i fjor og skal halde fram. Vi ønskjer deg velkomen og ser fram til å møte deg **måndag den 17. august**.

Elevane på vg1 møter kl. 08.20.

Elevane på vg2 og vg3 møter kl. 09.15.

Frammøtestad er **aulaen i gymnasbygningen**.

Vi vonar du vil finne deg godt til rette saman med medelevar og tilsette ved skulen.

Både elevar og tilsette vil samarbeide for at skulen skal bli ein god og inkluderande stad å vere. Saman vil vi arbeide for at du får utvikle deg og lære, samstundes som vi vil sjå til at du trivst.

Vedlagt finn du ein del praktiske opplysningar i samband med skulestart.

For føresette til elevar på Vg1 og Vg2 vil det vere eit eige foreldremøte på kveldstid, tysdag 18. august.

Frammøte: Kl. 17.45. for føresette til elevar på Vg1.
Kl. 18.30. for føresette til elevar på Vg2.

Etter fellesmøtet vil føresette møta kontaktlærer for nærare informasjon.

Invitasjon ligg ved.


Hybelbuarar vil bli inviterte til eige arrangement på skulen tysdag 25. august kl.15.00. Ta gjerne kontakt med skulen om du har spørsmål om hybel. Vi disponerer ikkje hyblar, men kan rettleie om kor du kan vende deg.

Vi ønskjer deg framleis ein god ferie og ser fram til å møte deg 17. august.

Ta gjerne kontakt viss det er noko du lurar på.

Velkomen!

Med helsing


Øyvind Bjørkevoll
rektor